

Kyrkjelydsblad for Arna



Foto: Jon Tresdal

YTRE ARNA KYRKJE 100 ÅR

NR. 6

OKTOBER 1999

32. ÅRG.


Ytre Arna kyrkje 100 år - ikkje berre eit gammalt hus

Av Jan Skorpen
formann i Soknerådet

For ganske mange år sidan då eg enno var eit uomvendt menneske, men var begynt å leita etter ei djupare meining med livet, tenkte eg om lag såleis: Når vi har bruk for kyrkja i samband med dåp, konfirmasjon, bryllup og gravferd, men ikkje elles, kva vitnar det om? Seier vi ikkje då at kyrkja eigentlig ikkje angår oss så mykje, at det som blir forkjent der er noko vi ikkje har bruk for? Kyrkja, representert ved presten, blir så og seja ein sermonsimeister.

Slike tankar førte til at eg for min del laut finna meir ut av dette. Bibelen vart teken ut or bokhylla, og eg tok til å lesa i evangelia. Eg våga meg jamvel inn på gudstenester i kyrkja på staden der eg budde. Etter kvart såg eg at Bibelen er noko langt meir enn ei historiebok, og at kyrkja formidlar ein bodskap som er høgst nødvendig og aktuell for oss som lever idag. Eg møtte Gud gjennom Jesus Kristus og vart overtydd om at han er den han gjev seg ut for å vera - Guds son, sendt til jorda for å frelsa menneska. Og eg fekk sjå at eg trond hans maktige frelsarhand! Å koma dit var for meg ein prosess som tok fleire år.

Så har eg vel mykje å rosa meg av då sidan eg "fann fram til" Jesus som er vegen, sanninga og livet? Nei, det



Jan Skorpen

underlege er at det er Jesus si fortunesete dette og, for han verkar gjennom sitt ord slik at trua på han kan bli skapt og halden oppe i eit menneske.

Difor blir då Ytre Arna kyrkje for meg "ikkje berre eit gammalt hus", men ein stad der eg på ein serleg nær måte kan møta den levande Gud. Ein stad der eg får syndsförslating og ny kraft til tru og teneste, og der eg får vera i eit kristent fellesskap, noko som i seg sjølv er truststyrkande.

Det er sikkert mange med meg som har dette ynskje ved kyrkjebjubileet: At søndagen og må bli kyrkjedag for langt fleire menneske!

Trygg Framtid

Kjære 100 års jubilant

Ytre Arna kyrkje ligg så fint til med fritt utsyn over Sørfjorden. Det er verkeleg "et smukt og værdigt Gudshus i vor Midte" som det heiter i takkeskrivet som Arna fabrikkers Befolking gav kyrkjebyggaren Jürg Jebsen den 5. okt. 1899. Ja nettopp, i vor Midte, så sentralt plassert i tettstaden. Kyrkja er ein fruند for auga, både innvenn og utwendig, omkransa av fjordlandskapet med sine bratte grønkledde lier. Du fornemmar noko av den sermerkte tradisjonen i Ytre Arna når du står på plassen framfor den vakre trekyrkja med sitt høgreiste bratte tårn, og har dei store bygningane til Arna fabrikker i ryggen.

Kyrkja har sin sjølvlagte plass her. Både Peter Jebsen ville det slik alt i 1860. Jürg Jebsen gjennomførte det. "Dei flæste vaksne i Elvæ" gav tydeleg uttrykk for det med sine underskrifter på søknaden i 1896. Vi er takksame for at kyrkja vart reist. I dag kan vi ikkje tenkje oss Ytre Arna utan kyrkja.

Char den stått her i 100 år. Kva det har bøydd, og kva som har vakse fram i den einskilde som har hatt sin gang her, det kan ikkje menneske måle verdien av. Det kan berre Gud kjenne.

Vi som samlast i Arna kyrkje i dag, veit kva den betyr for oss. Eg for min del har mang ein gong opplevd kor godt det er å vere i denne kyrkja antan det er til Gudsteneste eller samlingar i sorg og glede.. Den er så varm, intim og vakker. For altaret vert ein fanga av Axel Revold sitt sterke altarbilete med krossfestinga som hovudmotiv, og Jerusalem, eg tenkjer helst på det nye

Jerusalem, i bagrunnen. Kor godt ein har kjent eit nært og varmt fellesskap her. Der ligg den sterkeste bindinga til 100 åringen for meg. "Vi er Guds hus og kyrkje her, bygde av levande steinar -". Dei mange gongene ein har opplevd denne fellesskapen i Guds næreliek, fyller ein med takksem og optimisme for Ytre Arna kyrkjelyd i åra vidare.

For tankane vender seg naturleg framover ved ein slik milepæl. Det hallar alt med året 1999 når vi feirar kyrkja vår. Om nokre månader skriv vi 2000. Dette gjev rom for tankar om framtida. Kanskje mange kjenner uro og angst? I framtida sitt fang ligg mange hendingar på godt og vondt og for kyrkja sitt liv i Ytre Arna. Men her er vi trygge gjennom alt. Med frimot og glede syng vi så ofte frå

Petter Dass sin salme: "Når vi har endt vår gang, skal nye røster heves og synge Sions sang".

Vi tek ordet "framtida" i vår munn med tryggleik. Vår grunn er sikker og fast. Difor ser vi fram til gode tider for Ytre Arna kyrkjelyd. Vi ynskjer at mange vert engasjerte medarbeidarar, og får veksa og mognast i si tru. Den store og rike oppgåva i kyrkjelydsarbeidet er at Kristus vert kjent, trudd, elska og etterfylgd.

Gud har kalla oss til å ha ein heim i si kyrkje på jorda og gjeve oss eit evigt mål hjå seg. Difor ser vi med glede og forventning mot nye dagar, og nye jubileer for kyrkja vår og for kyrkjelyden i Ytre Arna.

Eg helsar Dykk alle Guds signing over jubileet og over nye arbeidsdagar med ordet frå Jer. 29.11 "Eg vil gje dykk framtid og von".

Prost Kjell Nese.



Kjell Nese


Bjørgvin biskop helsar!

Far min var prest i Arna under krigen. Enno er det nokre av dei eldre som hugsar han frå den tida. Nett avdi det var krig, vart nok prest og kyrkjelyd tett knytta til kvarandre. Då han i 1942 i protest mot nazi-regimet la ned embetet sitt, var det de som samla inn pengar til presteløna. Slik sett har eg som liten gut levd på milde gaver frå dykk!

MILDE GÅVER. Det er noko vakkert ved det ordet, tykkjer eg. Gåvene er gjeve i godelek og av omsut.

MILDE GÅVER. er det noko anna de har levd på, de som har søkt til kyrkjhuset i Ytre Arna? "Milde Jesus, du som sagde, at til deg skal barnet gå!" sang de. Og så bar de fram generasjon etter generasjon av spedborn. **MILDE GÅVER** vart lagt i hende ne på dei som knelande samla seg rundt "Herrens bord". **MILDE GÅVER** vert gjeve dykk utan unntak når de hører Guds ord lese og forkrynt frå preikestolen.

Tenk kva det har hatt å seie for dykk som soknar til Ytre Arna kyrkje! Konfirmantane fekk styringshjelp i møte med det vaksne livet. Sørgjande har hatt ein stad å gå til med sine aller kjæraste. Her var hjelp å få for vanlege folk, midt i kvardagslivet. I jubileumsskriftet som soknerådet i Ytre Arna gav ut ved 90-årsjubileet, fortel far om "den stille vekking" som år ut og år inn gjekk gjennom kyrkjhuset. Det er eit fint uttrykk som fortel korleis GUDS MILDE



Biskop Ole D. Hagesæther

GÅVER har hjelpt den einskilde av dykk til medviten og mogen Kristus-tru. Ein av gongen, og nokså usedd, vil eg tru. Gud såg det og tok imot dykk i dåpens bad.

Eg vil be for "den stille vekking" i Ytre Arna kyrkje, at ho ikkje må ta slutt! Og så vil eg formane dykk alle til tett og trufast å søkje til kyrkja dykkar. De klarar dykk ikkje utan Guds milde gaver!

Til lukke med 100-årsjubileet! Eg gler meg til den store festgudstenesta i oktober!

Dykkar
Ole D. Hagesæther.

Orgelet i salme 150

Av John Steinar Jacobsen

I Sal 150 i Bibelen oppfrodres vi til å lovesyngje Herren til Gjallende horn, med harpe og lyre, med pauke og dans, med strengespill og fløyte.

Det hebraiske ordet som ligger til grunn for oversettelsen "fløyte" her, gjengis noe forskjellig i ulike bibeloversettelser, f.eks.

De med "flute" og "horns" i engelsk oversettelser. Det dreier seg om et blåseinstrument i en eller annen form.

Da Det gamle testamente ble oversatt til gresk første gang (ca. 200 f.Kr.), visste oversetterne muligens ikke nøyaktig hva det hebraiske ordet betydde. I alle fall valgte de et mer nøytralt samlegrep for (musikk)instrumenter, nemlig ordet *organon*. Dette ordet kunne imidlertid på gresk mark også betegne den av flere rør sammensatte *panfløyten*. Det første kjente historiske *orgelet*, nettopp fra 200-tallet f.Kr., var neppe noe stort annet enn en forstørret panfløyte.

Ca. 600 år senere oversatte Hieronimus Bibelen til latin. Hieronimus kjente både hebraiske og den greske Sal 150, og på hans tid betegnet det greske *organon* - foruten det mer allmenne "musikkinstrument" -

nettopp også det mer spesifikke: *orgel*. Gjengivelsen i den latinske bibelen: "laude eum in ... organon" ble derfor i andre oversettelser senere gjengitt slik: "Lov Herren med orgel!" Slik f.eks. i King James-bibelen: "Praise the Lord with ... organs!"

Denne oppfordringen skal man i følge vår kollega Gunnart Johnstad på NLA ha vist begjærlig til, f.eks. i Tyskland, som bibelsk begrunnelse for utviklingen av *kirkeorglene*. Helt opp til vår tid skal det ha forekommert at tyske menighetsråd fikk vedtatt å gå til innkjøp av til dels kostbare orgler under henvisning til Sal 150,4. Og hvem turde vel å stemme imot når det endog stod svart på hvitt i Bibelen at vi skal "love Herren med orgel"?

Slik har altså bibeloversetterne gitt sitt sterke bidrag til at *et av de minste instrumenter i gudstjenesten etter hvert ble erstattet med det største* av dem alle.

Med denne solide bibelske støtten i ryggen går vi frimodig til kamp for et nytt og rikt utstyrt orgel i Ytre Arna - og gir gjerne vårt bidrag. *Lov Herren med orgel!*

Støtt opp

om innsamlingsaksjonen til nytt orgel i Ytre Arna kyrkje

Bankkto. nr. 3633.51.42068
P. Jebsensvn. 39, 5265 Ytre Arna.

Velkommen til kyrkje

- 03.10. 19. s.e. pinse – Mark. 12,28-34
Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Dei psykisk utviklingshemma tek del. Kjell Nese. Nattverd. 50-års konfirmantane er innbedne. Takkoffer til Klubben
- Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Dei fire diakoniinstitusjonar. 50-års konfirmantane er innbedne til middag.
- 10.10. 20. s.e. pinse – Ef. 4,22-28
Arna kl. 11.00. Vikarprest Arthur Pilskog. Dåp. Takkoffer til Kirkens Bymisjon.
- YTRE ARNA KL. 11.00. YTRE ARNA KYRKJE ER 100 ÅR.**
- JUBILEUMSGUDSTENESTE.** Biskop Ole D. Hagesæther og kyrkjelydens prestar. Kyrkjekoret. Blåsegruppe frå Arne Musikkforening. Nattverd. Takkoffer til nytt orgel. Kyrkjekaffi på Sentrum.
- 17.10. 21. s.e. pinse – Mark. 10,2-9
Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Hausttakkefest. 3. klasse ei inviterte. Dåp. Takkoffer til Orgelfondet.
- Ytre Arna kl. 18.00. KYRKJEKONSERT.** (Jubiléet). Kollekt.
- Trengereid kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd.
- 24.10. 22. s.e. pinse – Joh. 12,44-50
Arna kl. 11.00. vikarprest Arthur Pilskog. Nattverd. Takkoffer til Barne- og ungdomsprosjektet.
- Ytre Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kjell Nese. Høsttakkefest. Barne- og Ungdomskoret. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.
- 29.10. **Ytre Arna kl. 19.00 THOMASMESSÉ.** Kjell Nese.
- 31.10. **Bots- og bededag – Jes. 59,1-4, 8-9**
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Kyrkjelydsarbeidet.
- Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen og Knut Rønnestad. Takkoffer til Sjømannsmisjonen. Kyrkjekaffi.
- 07.11. **Allehelgensdag – Matt. 5,1-2**
Arna kl. 11.00. MINNEDAG. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til kyrkelyden sin barnehage. Kyrkjekaffi.
- Ytre Arna kl. 11.00. MINNEDAG.** Kjell Nese. Nattverd. Kyrkjekoret. Takkoffer til Menighetsfakultetet.
- Takvam kl. 16.00. Minnedag.** Kjell Nese. Kyrkjekaffi.
- 14.11. 25. s.e. pinse – Esek. 37,1-5. 10-14
Arna kl. 10.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. 4-åringar inviterte. Dåp. Takkoffer til Dåpsopplæringsutvalget.
- Arna kl. 12.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kjell Nese. 4-åringar inviterte. Dåp. Takkoffer til Dåpsopplæringsutvalget.
- Ytre Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Trygve Johansen. 2-klassane er inviterte. Barne- og Ungdomskoret. Takkoffer til Den indre Sjømannsmisjon. Kyrkjekaffi.
- 21.11. *Siste sond. i kirkeåret – Matt. 25,31-46*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Prosjekt i Jesu fødeby.
- Arna kl. 19.00. KONSERT** v/Arna Kammerkor dir. Torbjørn Daleng.
- Trengereid kl. 11.00. Gudsteneste**
- 28.11. *1. s.i advent – Luk. 4,16-22*
Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. LYSTENNINGSGUDSTENESTE. START AV JUBILEUM ÅR 2000 Trygve Johansen. 2-klassane er inviterte. Dåp. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- Arna kl. 19.00. LYSFEST.** Kjell Nese og Erik Rodal.
- Ytre Arna kl. 17.00. LYSTENNINGSGUDSTENESTE.** Kjell Nese. Barne- og Ungdomskoret. 1-klassane er inviterte. Takkoffer til IKO. Kyrkjekaffi.

Arna kyrkjelyd 1989 - 99

Av kapellan Trygve Johansen.

Ytre Arna kyrkje og kyrkjelydshuset

Ytre Arna sokneråd og redaksjonen i Kyrkjelydsbladet har vedteke å lage ei spesiell jubileumsutgåve av Kyrkjelydsbladet i høve Ytre Arna kyrkje sitt 100-årsjubileum i 1999. Til 90-årsjubileet i 1989 skrev Arnold Nævdal boka "Ytre Arna kyrkje 1899 - 1989", og denne artikkelen vil videreføre arbeidet i kyrkjelyden dei 10 siste åra fram til 100-årsjubileet. Kyrkja er i dag slik som Arnold Nævdal har skrive i boka si, men nokre ting er vorte forandra. På 90-talet viste det seg at høgtalaranlegg i Ytre Arna kyrkje ikkje var godt nok lenger. Soknerådet sette difor igang ei innsamling til nytt høgtalaranlegg. Anlegget vart skifta ut i to omgangar og har kosta omlag 55 000 kr.



Trygve Johansen



Jørg Jebsen

Søndag 29. mai 1994 vitja Jørg Jebsen frå Berger Ytre Arna og overleverte eit historisk dokument til kyrkjelyden, som vart skrive den gongen Ytre Arna kyrkje vart bygd. Jørg Jebsen hadde funne dette skrivet den seinare tid, og dokumentet er ei takk til Jürg Jebsen, som bygde Ytre Arna Kyrkje i 1899. Skrivet inneheld fleire hundre namn frå Ytre Arna på den tida, og desse har gjeve uttrykk for si takksemd til Jürg Jebsen ved å setja namnet sitt under dette skrivet. Denne namnelista heng no i kyrkja.

kja, og dessutan vart namnelista trykt opp og selt til interesserte. Mange såg verdien av å få namna på sine beste- og oldeforeldre frå slutten av 1800-talet som eit fint minne på denne måten. Den 29.9.96, under gudstesta, for 150-årsjubileet for fabrikkstarten i Ytre Arna, tok kyrkjelyden i bruk ein ny alterduk. Dette var ei gave frå Sanitetens i Ytre Arna, og alterduken var laga av Astrid Bremertun. Dessutan har kyrkja fått ein ny løpar i denne perioden.

Når det gjeld kyrkjelydshuset, så har kyrkjekontoret halde til der sidan 15. juli 1982. Kontoret vart pussa opp midt på 90-talet, og det er i dag godt utstyrt med tekniske hjelpemidlar. Barnehagen, som leigde lokale i andre etasjen i kyrkjelydshuset, er slutta. Lokalet er for tida ikkje i bruk, men soknerådet har arbeidt med planar om å få inn ein ny leigar. Heimesjukepleien hadde og sitt kontor i andre etasjen i ein 5-årsperiode, og dei romma er no omgjorde til husvære. Sidan hausten 97 har kyrkjelyden leigd ut dette husværet til studentar.

Barne- og ungdomsarbeid

Ytre Arna kyrkjelyd har eit godt samarbeid med skulane. Tradisjonen er at før jul har vi hatt julegudstenester for dei



Presentasjon av dei nye konfirmantane hausten 1999

einskilde skulane. Dessutan har det vore omvisning i kyrkja for nokre av klassetrinna. Presten har også vore innbeden til avslutningsfestar på Ytre Arna skule.

Konfirmantane har i denne tida hatt undervisning frå september til konfirmasjonen i april / mai. Konfirmanttalet har variert noko frå om lag 20 til næra 40, men jevnt over har konfirmanttalet vore i underkant av 30.

Konfirmasjonsundervisninga har bestått av konfirmantimar, grupper, deltaging i gudstenestene, Weekend og avslutningsfest for konfirmantar og foreldre. Vi har dessutan hatt foreldremøte om hausten og våren. Vi ser på konfirmantundervisninga som eit viktig ungdomsarbeid i vår kyrkjelyd. I 1998 fekk soknerådet det formelle ansvar for konfirmantundervisninga, men presten og hans medhjelparar har fortsatt hatt det praktiske ansvaret.

Dåpsopplæringa

I 1992 starta arbeidet med det som etter kvart skulle bli ein dåpsopplæringsplan for Ytre Arna. Det blei sett igang eit kartleggingsarbeid av kva som var av tilbod for born i kyrkjelyden. I 1993 vart så det første dåpsutvallet samansett etter ønskje frå soknerådet, og i dag er det 6 personar med i utvalet. Arbeidet den første tida besto av å planleggja korleis dåpsopplæringa skulle utførast i kyrkjelyden. Alle born som var døypt i Ytre Arna, blei registrerte og tekne inn i arbeidet med dåpsopplæringa. I 1997 var dåpsopplæringsplanen ferdig og godkjent i soknerådet.

Arbeidet består i dag av forskjellige tilbod til dei ulike alderstrinn. Vi har gudstenester for 4 åringar, 1. klassane, 2. klassane og kyrkjebesøk for 4. klas-

sane. Vi har eigne samlingar for 4 åringane og 6. klassane. Vi har tilbod om at presten kan koma på skulane og besøkja 7. klassane. Og så har vi ei stor gruppe med dåpskontaktar som går og besøkjer borna med ei helsing frå kyrkjelyden når dei er 1, 2 og 3 år gamle. Vi delar også ut dåpslys når vi har barnedåp. I tillegg har vi dåpsseminar, der foreldre får høyrja om dåpen og dei tilboda vi har i kyrkjelyden for borna når dei veks opp.

Korarbeid

Ytre Arna Barne- og ungdomskor og Ytre Arna kyrkjekor vart starta i 1981.

Når vi ser tilbake på dei siste 10 åra, legg vi merke til at kora har hatt stabil oppslutning og god aktivitet. Kora har hatt eit nært samarbeid på det musical-



Ytre Arna Barne- og ungdomskor. Koret vert dirigert av kantor Siri Brunvoll

ske planet, og dei har sunge ofte i lag både på gudstenester og på konsertar. Dette har vore berikande for kyrkjelyden. Barne- og ungdomskoret er dessutan medlem i "Ung Kyrkjesong Bjørgvin", og Kyrkjekoret er medlem i "Bjørgvin Kyrkjesongsamband". Siri Brunvoll er dirigent for kora.

I 1995 starta småbarnkoret "Småspurven" eit samarbeid mellom kyrkja og Ytre Arna bedehus. Koret samla opptil 60 born frå 3 til 6 år. Dette koret måtte leggjast ned etter nokre år då det mangla leiarar. Vi vonar at koret kan koma i gang att.

Soknerådet sitt arbeid

Soknerådet har om lag 8 møte kvart år. Sakslista vert sett opp av formannen i samarbeid med prest / arbeidsutval.

Det er mykje administrativt arbeid for soknerådet, og vi er difor svært glade for at Bergen Kirkelige Fellesråd har gjeve Ytre Arna- og Arna kyrkjelyd ein felles administrativ leiar frå haus-ten 1999. Medlemmene som har vore med i sokneråda i denne 10 års-perioden, har lagt ned ein stor arbeidsinnsats i kyrkjelyden.

Fylgjande personar er med i Ytre Arna sokneråd no i jubileumsåret: Tor Oddvar Holmefjord, Guri Rivenes, Turid Hjellum, Jan Skorpen, Randi Kvamme, Gudny. H. Skorpen, Sylvi Sæle, Monica Mollandsøy, Jon Steinset, Grethe Slåke, Turid Gjone, Borgny Kvamme, Lisbeth Hjortland og Trygve Johansen.

Staben i Ytre Arna består i jubileumsåret av fylgjande personar: kontorsekre-



På biletet ser vi soknerådet i Ytre Arna no i jubileumsåret (frå venstre): Gudny. H. Skorpen, Turid Hjellum, Guri Rivenes, Randi Kvamme, Trygve Johansen, Sylvi Sæle, Jon Steinset, Jan Skorpen, Tor Oddvar Holmefjord og Turid Gjone. (Monica Mollandsøy, Grethe Slåke, Borgny Kvamme og Lisbeth Hjortland var ikkje til stades då biletet vart teke.)



Staben ved Ytre Arna kyrkje. Frå venstre kontorsekretær Benthe Birkeland, kapellan Trygve Johansen, organist Siri Brunvoll, klokkar Per Sæle og kyrkjetenar Sylvi Sæle.

tær Benthe Birkeland, organist Siri Brunvoll, kapellan Trygve Johansen, sokneprest / prost Kjell Nese, klokkar Per Sæle, og kyrkjetenar Sylvi Sæle.

Diakoni, bibelgruppe, speidararbeid, misjonsarbeid og Alpha-kurs

I 1990 fekk Ytre Arna eit diakoniutval. Oppgåvene har vore besøksteneste, eldresamlingar og minnesamvær for etterlatte. Ved dødsfall har familiane fått eit kort med ei helsing fra kyrkjelyden. Diakoniarbeidet støttar også arbeidet ved Kirkens SOS og Kirkens Bymisjon i Bergen. Dessutan har kyrkjelyden sidan 1998 vore knytta til samarbeidsprosjektet Sykehus - menighet.

Ytre Arna kyrkjelyd har i mange år hatt ein kyrkjelydsskule, som no har vorte til ei bibelgruppe. Gruppemedlemmene kjem saman annankvar veke og samtalar om teksten for den komande søndag. Bibelgruppa har også hatt med forskjellige samtaleopplegg.

I 1992 vart det starta ei speidargruppe i kyrkjelyden. Om lag 10 jenter og gutter mellom 11 og 16 år har vore med i denne gruppa, som er organisert i Norsk Speiderforbund. Patruljane har hatt møte i Kyrkjelydshuset, og dei har vore på turar og leifarar, bl. a. var dei med på Landsleiren i 1993. I 1998 vart speidargruppa lagt ned, men dei håpar å kunne begynna igjen.



Speidergruppa frå Ytre Arna på landsleir.

Når det gjeld misjonen, så er det ei forening på Haugland for Misjonsselskapet og ei forening i Ytre Arna for Santalmisjonen. Ein gong i året har vi ei familiegudsteneste i kyrkja som vi kallar Bornas Misjonsdag, og på denne gudstenesta har vi hatt besøk enten frå Misjonsselskapet eller Santalmisjonen. Hausten 1998 vart det starta opp med eit Alpha-kurs i kyrkjelyden. Rundt 50 personar var med på dette kurset denne hausten. Våren 1999 starta ein opp eit nytt Alpha-kurs, og denne

gongen var om lag 30 personar med. Desse Alpha-kursa har vore evangeliseringskurs, som har nådd ut til nye menneske i kyrkjelyden vår.



Frå ei misjonsgudsteneste i kyrkja



Kap. Trygve Johansen held preike under ei gudsteneste i Ytre Arna kyrkje

Eldrearbeid

Etter at aldersbustaden på Flatane kom i drift, vart det skipa eldretreff der. Presten hadde ansvar for andakt, og frivillige medarbeidarar sto for matserveringa. Då Ytre Arna Dagsenter vart bygd, vart eldtetreffet overført til Dagsenteret. Presten og nokre frivillige medarbeidarar har andaktar der, og dei fast tilsette på Dagsenteret har ansvar for matopplegget. Det er som regel svært mykje folk til stades på eldretreffa, og dei eldre i kyrkjelyden har her funne ein plass der dei kan møtast regelmessig.

Pensjonistforeninga i Ytre Arna samlast ein gong i månaden på Kulturhuset Sentrum. Prestane og andre frivillige har andakt kvar sin gong. Styret i

Pensjonistforeninga har ansvar for programmet.

Gudstenester og kyrklelege handlingar

Ytre Arna kyrkje har vanlegvis gudsteneste tre søndagar i månaden. Årsstatistikkane dei 10 åra viser at det etter måten har vore god kyrkjesøkning i denne tida. Det har og vore jevnt og godt med nattverdgjestar.

Familiegudstenestene har vore godt besøkte, særleg når vi har hatt dåp i kyrkja og barnekoret har vore med. Når det elles gjeld kyrklelege handlingar, så har det vore få vigslar i kyrkja i denne tida. Det har derimot vore mange gravferder.

Vi har hatt jevnleg med dåpsseminar i

denne perioden. Her har presten møtt foreldre og gjennomgått dåpsliturgien for dei, og dei har tala saman om praktiske spørsmål i samband med dåpen. Den siste tida har vi og hatt besøk i dåpsseminara av ein representant frå dåpsutvalet, som har fortalt foreldra om det arbeidet som dåpsutvalet har i kyrkjelyden.

Vi nemner her at det har vore arrangert kyrkjekaffi stort sett etter familiegudstestene. Oppslutnaden har variert noko i desse samlingane, men jevnt over har både born og vaksne funne sin plass der. Dessutan har vi hatt spesielle arrangement for 50 års-konfirmantane og ein eldredag i kyrkjelyden i året.

Konklusjon

Når vi ser tilbake på dei 10 siste åra i Ytre Arna kyrkjelyd, så er det mykje å glede seg over. Her har vore arbeid for born, unge, vaksne og eldre. Dei forskjellige sokneråda har hatt eit godt samarbeid med mange frivillige medarbeidrar i denne tida. Prestane, som har hatt tenesteveke annankvar gong i Arna prestegjeld, har skifta mellom å forretta gudstenestene i Ytre Arna kyrkje.

Jubileumsgudstenesta vert forretta av biskop Ole D. Hagesæther den 10.10.99. Kyrkja har ein lang tradisjon å ta vare på, og vi vonar at kyrkja også i framtida kan få vera ein sentral samlingsplass for folket i Ytre Arna.

(Bileta til denne artikkelen er tekne av Tor Oddvar Holmefjord).

Biskop Ole D. Hagesæther

forrettar jubileumsgudstenesta
i Ytre Arna kyrkje

Søndag 10. okt. kl. 11.00

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN
Redaktør: Magne Mestad.

Redaksjonsnemnd: Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.
Bladpengar: Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

Arna Gravferdsbyrå

Unnelandsv. 544
5267 Indre Arna
Tlf. 55 24 08 08

Solstrand Begravelsesbyrå

Herman Fossgt. 11
5007 Bergen
Tlf. 55 24 38 92 - 55 24 76 23

Sarepta Blomster

Øyrane Torg
5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 25 95

Erik Stephansen Trafikkskole

C.Sundtsgt. 2
5004 Bergen
Tlf. 55 24 00 83 - 93 06 96 00

Espeland Gartneri

Unnelandsv. 540
5267 Indre Arna
Tlf. 55 24 08 09

Frøydis Salong

Vestlivegen 75
5234 Garnes
Tlf. 55 39 01 40

Kredittkassen

Indre Arnav. 75
5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 55 30

Kleiveland A.S

Øyrane Torg
5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 04 96

Litangen Husholdningsservice

Garnesstølen 41
5234 Garnes
Tlf. 55 24 02 87

Samdals Byrå

Jonsvollsgrt. 1
5011 Bergen
Tlf. 55 90 19 80

Stamneshagen Auto

5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 47 24

Rune Kalsås Transport A.S

5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 89 98

Djønne Modul A.S

5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 80 80

Arne Fabrikkers Restutsal


5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 80 50

Ane Miljødesign A/S

5265 Ytre Arna
Tlf. 55 53 86 86

Kirkens SOS

Tlf. 815 33 300



Ytre Arna kyrkje
Foto: Jon Tesdal



På kyrkjetrappa
Foto: Tor Oddvar Holmefjord

YTRE ARNA KYRKJE 100 ÅR